

VOSS KOMMUNE		
Oppdragsnr. 7930/13	Avd. RA	Seksjon
- 6 MAI 2013		
Ansvar 13/588-1	Ssh. EH	
Ansvar	Q65	Kop.
Oppdragsnr.		Oppdragsnavn

TILLEGGSAVTALE (ADDENDUM) TIL FESTE KONTRAKT AV 19. JUNI 1973 MELLOM STATEN VED FORSVARSDEPARTEMENTET OG VOSS KOMMUNE.

1. Bakgrunn.

Den 19.juni 1973 (VEDLEGG 1) vart det inngått ein avtale då Voss kommune fekk rett til å feste eit område av gnr. 92 bnr. 5 avgrensa til aust-vest banen på Bømoen flyplass, samt bruksrett til eit område på nordsida av flystripa, jfr. avtalens Litra A pkt. 1 og 2.

Areala er kartfesta på kart som følgde med som vedlegg til avtalen.

Ihht. avtalens Litra C pkt. 13 gjeld avtalen i 50 år og ender difor den 19.juni 2023, men «...kan fornyast etter nærare avtale mellom partane».

Den 25.oktober 2012 søkte Bømoen AS om konsesjon for erverv av eige dommen gnr. 92 bnr. 5 samt gnr. 108 bnr. 2 for ein sum stor NOK 41 millionar.

Den 09.januar 2013 vedtok Voss kommunestyre i K-sak 1/13 å tilrå konsesjon på vilkår at Bømoen AS overdrar flyplassen vidare til Voss kommune etter nærare fastsette vilkår.

Denne tilleggsavtale (addendum) har som mål å regulere det framtidige avtaleforhold mellom den nye eigaren og bortfestar Bømoen AS og Voss kommune som festar av flyplassen i høve til avtale av 19.juni 1973.

2. Forlenging av festeforholdet til flyplassen etter 19.juni 2023.

Bømoen AS samtykkjer i at festeforholdet vert forlenga i 50 – femti år rekna frå den 19.juni 2023.

3. Omfanget av festeområdet ved forlenging

Partane er einige om at festearealet ved forlenginga vert avgrensa av aust-vest flystripa samt areal nord for flystripa mot vest slik vist med stipla liner på vedlagte flyfoto som følgjer som vedlegg til denne avtalen (VEDLEGG 2, datert 19.03.2013).

Bømoen samtykkjer vidare i at den utviding dette måtte representere i høve til gjeldande avtale, blir gjort med verknad allereie frå signering av denne tilleggsavtale (addendum).

Bømoen AS vil etter signering av denne avtale setje i verk delings- og oppmålingsforretning.

Bømoen AS samtykkjer i at ein ved delingsforretninga gjer dei tilpassingar/arronderingar av grensene som måtte vere naudsynt av omsyn til ei rasjonell drift av flyplassen, så vel frå Voss kommune si side som frå Bømoen AS si side, ref. pkt. 7 under.

Voss kommune er ansvarleg for delings- og oppmålingskostnadane.

4. Bortfall av festeforhold elles.

For areal som ikkje er omfatta av denne tilleggsavtale (addendum) fell festeforholdet mellom parten bort seinast den 19.juni 2023, jfr. avtalen av 19.juni 1973 Litra C pkt. 13.

5. Festeavgift etter forlenging

Bømoen AS samtykkjer i at den utvidinga av festearealet som denne tilleggsavtale (addendum) representerer, ikkje utløyser noko nytt krav på vederlag i høve til avtalen av 19.juni 1973 Litra C pkt. 10.

Ved fornying av avtalen fell vederlag i form av areal til Forsvarets behov bort etter Litra C10 i noverande avtale, som blir erstatta med årleg festeavgift frå 23.juni 2023.

Festeavgifta skal vere basert på den bruk kommunen gjer av festearealet til småflyplass i samsvar med festeformålet, ref. erstatningsprinsipp fastslått i Høgsterettsdom tatt inn i Rt 2005 s.607.

Bømoen AS og Voss kommune skal forhandle om festeavgifta som skal starte den 19.juni 2023. Dersom partane ikkje blir einige om festeavgifta, skal denne avgjerast ved rettsleg skjønn basert på grunnlaget som angitt i 3.ledd.

6. Avtalepartane sin bruk av flyplassen.

Alle klausular i avtalen av 19.juni 1973 vedkomande bruken av flyplassen blir vidareført i denne avtale, medrekna at Bømoen AS har rett til vederlagsfri bruk av flyplassen.

Bømoen AS vil starte ein reguleringsprosess for gnr. 92 bnr. 5 samt gnr. 108 bnr. 2 .

For festearealet vil reguleringsformålet bli detaljert som «småflyplass» medan arealet nord for flyplassen med påståande bygningar og som er omfatta av festet vil bli føreslått regulert til næringsformål, alt innanfor gjeldande lov- og forskriftsverk.

7. Framfeste/utleige.

Voss kommune har rett til framfeste. Opprinneleg festeavtale datert 19.juni 1973 samt denne tilleggsavtalen (addendum) skal leggjast til grunn for innhaldet i avtale om framfeste.

Bømoen AS skal godkjenne at teksten i framfesteavtalen er i samsvar med rettsgrunnlaget tatt inn i hovudfesteavtalen samt at ny framfestar tilfredsstillar vilkåra for kommunen sitt føremål med festeavtalen for flyplassen; framfeste til aktivitet knytta til sportsaktivitet/beslekta ikkje-kommersiell aktivitet.

Tilsvarande gjeld for eventuelle nye leigekontraktar kommunen måtte inngå.

8. Vedlikehald av veg fram til flyplassen.

Voss kommune har i samsvar med avtale av 19.juni 1973 Litra A pkt. 4 (VEDLEGG 1) opparbeidd veg fram til flyplassen, som blir halde vedlike av kommunen fram til feste nr. 2. Voss kommune forpliktar seg til framtidig drift/vedlikehald av same strekning av vegen så lenge festeforholdet for flyplassen gjeld.

9. Offentlege vilkår og restriksjonar mht. drift av flyplassen.

Alle klausular i avtalen av 19.juni 1973 vedkomande oppfylgging av offentlege vilkår blir ført vidare i denne avtalen slik at Voss kommune har alt ansvar i denne samanheng.

Partane er einige om at flyplassen er og skal driftast som ein «småflyplass», og der Forskrift av 03.12.2002 nr. 1382 (VEDLEGG 3) om utforming av småflyplassar kjem til bruk.

Bømoen AS samtykkjer i at sikringstiltak utanfor festeområdet kan setjast i verk for tilfelle offentlege pålegg om dette blir gjeve i medhald av denne eller andre forskrifter i framtida.

10. Bortfall av festeforholdet.

Dersom kommunen sin konsesjon for drift av småflyplass på Bømoen fell bort og uansett grunn, fell også denne avtale bort.

Tilsvarande gjeld dersom drifta av flyplassen, uansett grunn, opphøyrer for ein periode lenger enn 3 år.

Tilsvarande gjeld for tilfellet at den aktivitet som Voss kommune framfester til eller leiger ut til, fell bort eller stoppar for ein periode lenger enn 3 år.

Tilsvarande gjeld for tilfelle at den ikkje-kommersielle aktivitet som Voss kommune framfestar til eller leiger ut til, fell bort.

Kvart 5.år rekna frå signering av denne avtalen skal Voss kommune og Bømoen AS ha eit «status møte» med det siktemål å gjennomgå status vedkomande drifta av flyplassen.

11. Ansvar for opprydding ved opphøyr av festeavtalen.

Ved opphøyr av festeavtalen og uansett grunn, har kommunen ansvar for at festeområdet blir rydda. Tilsvarande gjeld for eventuelt miljøavfall som måtte vere generert frå den verksemd som kommunen har framfeste eller vil framfeste til.


Elles gjeld reglane om avvikling av festeforhold i tomtfestelovens kap. VII.

12. Tinglysing.

Denne avtale eller eit utdrag av den/eventuelt festekontrakt på skjema skal tinglysast på festearealet, anten dette blir tildelt eit nytt gnr./bnr. eller beheld opprinneleg gnr. 92 bnr. 5.

I begge tilfelle forpliktar kommunen seg til etter den 19.juni 2023 å slette eksisterande festekontraktar på eigedom/ar som ikkje blir omfatta av denne tilleggsavtale, (addendum).

Voss, den 06.mai 2013,




Bømoen AS v/styreleiar Hermann Saue




Voss kommune v/ordfører Hans Erik Ringkjøb

(med atterhald om styret si godkjenning)



(med atterhald om kommunestyret si godkjenning)



Denne avtale er skrive ut og signert i to eksemplar, eitt til kvar av partane.